

Sund Sokneblad

Nr. 1

3. februar 2021
Årg. 90



Uvanleg julaftangudsteneste

Julaftangudstenestene i 2020 vart av det uvanlege slaget. Gudstenestene i seg sjølv vart ikkje uvanlege. Det uvanlege var at maks 50 personar fekk vera til stades, og det på ein dag når kyrkjene gjerne er heilt fulle.

side 6-7

Visitasforedrag

Biskop Halvor Nordhaug var på visitas i Sund sokn 3.-5. november. Visitasforedraget som han skulle halda i Sund kyrkje søndag 8. november, vart det ikkje noko av fordi kyrkjene måtte stenga dørene grunna koronaen. Men foredraget til biskopen får du likevel høve til å lesa

side 4-5

Song julia inn

Trass i at koronasituasjonen berre tillét eit fåtal menneske å møta opp i kyrkja vart julasungene også i år sunge inn i Kausland kyrkje. Ein del av medlemene i både Stjernekoret og i Betweenskoret var med og song, og elles fekk sjølv sagt dei som var møtt fram i kyrkja, høve til å synga fleire av dei kjende julesongane.

side 8-9

Barneside

Denne gongen prøver vi oss med ei Barneside her i Sund Sokneblad. Sida er laga av Søndagsskolen, og vi håpar at ho fell i smak slik at vi kanskje kan koma attende med fleire slike sider seinare.

side 10

Studentrekord

NLA Høgskolen på Gimlekollen frykta færre studenter ved Kommunikasjon og livssyns-studiet i år grunna avlyst studietur. I staden har studenttalet dobla seg.

side 11

Pastoralt perspektiv

«ANNUS HORRIBILIS»

Dei fleste vil nok vera einig i at 2020 blei eit veldig spesielt år. Og mange vil nok bifalle beskrivelsen: «*Annus horribilis*».

Men trass i alt det underlege, tunge og vanskelege i gamleåret, så skjedde det allikevel mykje godt og positivt i Sund kyrkjelyd! I skrivande stund jobbar vi med årsstatistikken for 2020, og kan bl.a. konstatera at: 42 gudstenester vart haldne på sørn- og heilagdagar, og 21 på andre dagar (inkl. samlingar på Sundheimen). 40 vart døypte, og 70 vart konfirmerte. 7 julevandringar gjekk av stabelen for barnehagebarn, og digital adventsgudsteneste vart tatt opp og sendt ut til alle skulane med god respons.

Og i november kom biskop Halvor Nordhaug på visitas! Det vart fine og inspirerande dagar med bl.a. skulegudstenester, vitjing på Sundheimen, kultukveld, møte med kommunen og ungdomskveld med Boost. Koronaen hindra oss i å besøkja 10. trinn på ungdomsskulen, og den avsluttande visitasgudstenesta måtte også avlystast. Men biskopen har takka for ein god visitas og sendt oss sin respons med konstruktive forslag til vegen vidare; med bl.a:

- Fleire ungdomsgudstenester
- Ny satsing på undervisningskveldar for vaksne
- Systematisk oppfølging av frivillege medarbeidrar, gjerne gjennom ein frivilligkoordinator
- Utvida gjevarteneste i kyrkjelyden

Dette vil soknerådet og sokneteamet ta tak i på ny-året.

Så har også 45 blitt gravlagde i 2020. Det har sjølv sagt vore tunge stunder for mange, men også stunder med håp! For evangeliet om det Levande håpet har fått lyda også ved gravkanten!

Dermed vart ikkje 2020 eit håplaust år – sjølv om mangt og mykje vart anleis enn vi hadde planlagt. Koronaen førte til at færre fekk delta i våre samlingar, og eg må innrømme at det var rart og underleg å ha julaftangudstenester med maks 50 tilstades! Men det var samstundes svært meiningsfullt! Og det har det også vore når vi har tatt opp andakter/gudstenester og lagt dei ut digitalt. Svært mange har klikka seg inn og fått dei med seg, og kanskje bør vi halda fram med dette – også etter at koronaen har blitt slått ned...

Så er det i januar tid for å sjå tilbake på 2020. Men det er også tid for å sjå framover...

2021 blir nok ikkje kvitt 2020 sånn med ein gong, men vi går mot lysare tider på fleire måtar. Og sjølv om vi har lagt bak oss eit «annus horribilis», vil fruktene av arbeidet i Guds rike koma tilsynে også i 2021. Det har vi faktisk Guds løfte om!

Kjell-Asle Børnes

Velkommen til gudsteneste

07. februar – Kristi forklæringsdag – Mark 9,2-13

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes

Utdeling av 4 års-boka

Dåp

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

14. februar – Fastelavnssøndag – Joh 12,20-33

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Israelsmisjonen

SØNDAGSSKULE!

21. februar – 1. søndag i fastetida – Matt 16,21-23

KAUSLAND kyrkje kl 18:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og Dag R. Pettersen og konfirmantar

Nattverd

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

28. februar – 2. søndag i fastetida – Luk 7,36-50

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/prost Jan Tommy Fosse

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

07. mars – 3. søndag i fastetida – Mark 9,17-29

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes Dåp og Nattverd

Takkoffer: Blå Kors

14. mars – 4. søndag i fastetida – Joh 3,11-16

SUND kyrkje kl 18:00 Bønevandringsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes

Nattverd

Takkoffer: Gideon

21. mars – Maria bodskapsdag – Luk 1,46-55

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

Med etterhald om endringar grunna korona-situasjonen

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftest kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er uteigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjekyss - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dåvøy - tlf. 936 10 773



Under koronaen har det ofte vore langt mellom dei som har kunna møte fram til gudsteneste.

Adventsgudsteneste for nesten tom kyrkje

2020 vart eit underleg år, også for kyrkja. I periodar var kyrkjene heilt stengde, og mange gudstenester vart ikkje haldne. Presten måtte gjera opptak av eit preik og leggja den ut på nettet for å halda ein viss kontakt med kyrkjelyden.

Elles kunne ein få gjennomført ei guds-

teneste med maks 20 eller 50 personar til stades. Adventsgudstenesta i Kausland kyrkje 6. desember var ei slik gudsteneste då berre eit fåtal personar kunne vera samla. Dei fleste hadde gjerne meldt frå på førehand at dei ville koma. Var det ledig plass, kunne ein koma utan påmelding.

Bente Aase sat og kryssa av og heldt kontroll over dei som kom, og om det var plass til alle.

Sjølve gudstenesta vart gjennomført som vanleg. Dette var andre søndag i advent, så to adventsly vart tende medan den vesle kyrkjelyden song to vers av Tenn lys. Torbjørg Bakke var klokkar denne søndagen og fekk æra av å tenna dei to lysa.

Presten hadde ikkje så mange å preika for denne dagen. Kyrkjelyden sat med god avstand, to tomme benkar mellom kvar benk der ein òg måtte sitja med god avstand til dei du ikkje budde saman med.

Olai Otterå



Torbjørg Bakke fungerte som klokkar og fekk tenne adventslysa denne dagen.



Bente Aase heldt orden på kven som kom inn i kyrkja.

Visitasforedrag ved bispevisitas i Sund

3.-5. og 8. november 2020

Kjære kyrkjelyd!

Takk for ein flott visitas og innhaldsrike dagar. Sjølv om det ikkje vart visitasgudsteneste under sjølve visitasen, har det vore fint å møta kyrkja i Sund. Det var spennande å koma til første visitas i ein heilt ny kommune og eit nytt fellesråd med ny organisering. Eg har møtt soknemøtet og staben med teamleiarar til gode samtalar og drøftingar om strategi. Eg har fått møta lokalsamfunnet på kulturkveld og skulegudstenester. Eg fekk treffen ungdommen på Boost, og halde andakt på Sundheimen. Eit viktig innslag under visitasen var også møtet med kommunaleiinga på Nordsjøfartmuseet, der eg også fekk omvising etterpå.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland.

I dette visitasforedraget vil eg ta utgangspunkt i Sund sin flotte visjon:

- Saman vil me æra Gud og byggja kyrkjelyd, gjennom å:*
- Feira gudsteneste
 - Gje trusopplæring
 - Fremja menneskeverd og visa Kristi sinnelag i møte med barn, unge, vaksne og eldre

1. Saman vil me æra Gud og byggja kyrkjelyd gjennom å feira gudsteneste

Gudsteneste

Gudstenesta er vår hovudsamling, her møtes me for å ære den treeinige Gud, men også for å treffe kvarandre, for det er her vi hører til.

Me treng å høyra om Guds nåde og kjærleik til oss gjennom Jesus Kristus, i forkynninga og i nattverden. Og då er det viktig med den gode gudstenestevanen. Ein må gjera det til det normale å gå til gudsteneste, for Guds skuld og for si eiga skuld.

Gudstenesteutval

Når ein skal byggja kyrkjelyd gjennom å feira gudsteneste må ein stadig arbeida for at dei kan bli attraktive og relevante for folket i Sund. Då er det fint å ha eit gudstenesteutval som kan vera med å førebu gudstenesta saman med kantor og prest, og som også kan gjere teneste som



Biskopen besøkte ungdomsmiljøet Boost og var der med på ein leik. Foto: Olai Ottera

medliturgar.

Dette bør vera eit utval som involverer fleire ved at det ikkje er ei fasttømra gruppe, men mange som er med etter tur. Det er også svært viktig at ein sørger for god aldersspreiing slik at ein viser at gudstenesta er for alle generasjonar. Det tar sjølv sagt litt tid, men det er viktig å ha tid til å involvera og hjelpa folk å veksa i trua gjennom teneste. Då bygger ein kyrkjelyd.

Ungdomsgudstenester

De har ikkje ungdomsgudsteneste, men det syns eg de skal prøva på. Når det er vanskeleg å få ungdomen med kl 11 må ein velja eit anna tidspunkt, kanskje kl 18. Eg trur at ei kveldsgudsteneste der ungdom får vera med å bestemma liturgi, musikk og innhald og deltar aktivt, kan visa ungdomen verdien i gudstenesta. Ungdomsarbeidet Boost er eit godt utgangspunkt. Kanskje er det også naturleg å involvera desse eldre ungdommane i Boost i ei konfirmantgudsteneste.

Kyrkjemusikk

Diverre fekk me ikkje oppleva kyrkjemusikken sitt bidrag i visitasgudsteneste. Eg veit de har dyktig kantor og flinke kor og eg er sikker på at det hadde løfta gudstenesta og lovesongen til Guds ære.

2. Saman vil me æra Gud og byggja kyrkjelyd gjennom å gje trusopplæring

Trusopplæring

Eg vil skryta av kreative trusopplærings-tiltak, de har både Kyrkjekino med bønevandring og Ranselbøn. Og de har svært stor oppslutning om Lys vaken, ja i 2017 var det heile 123% oppslutnad. Samstundes gjev de uttrykk for at trusopplæringplanen er ambisiøs i forhold til ressursane. Så no er tida inne til å evaluera og revidera planen, slik de også har sett dykk føre å gjere.

Ungdomsarbeidet

Boost er eit flott ungdomsarbeid. Det er veldig fint at de klarar å ha trusopplæring etter konfirmasjon. Her synes det som om de har funne ein god balanse på Boost. Det er både undervisning om trua og de viser at de lyttar til ungdomen sine idear, lar dei få innflytelse og tar dei med på turar, mellom anna på pølsesmaking til pølsebua «Trekroneren» i Bergen.

Undervisning av vaksne

Vaksne treng også trusopplæring og det er behov for meir undervisande forkynning for vaksne enn det gudstenester kan gi. Folk les mindre kristen litteratur og er mindre på møter eller stemner, og det er eit behov for kunnskap om og fordjuping i trua. Difor er det fint at de har hatt både Alphakurs, temakveldar og smågrupper. Dette bør de ta opp igjen, kanskje i samarbeid med nokon av dei andre kyrkjelydane i Øygarden, eller kanskje de kan utvide undervisningskveldane i Boost så fleire

kan få glede av det.

3. Saman vil me æra Gud og byggja kyrkjelyd gjennom å fremje menneskeverd og visa Kristi sinnelag i møte med barn, unge, vaksne og eldre

Diakoni

Det skjer mykje flott diakoni og her i Sund har ein hatt eit fokus inn mot born og ungdom i soknet og diakoniarbeidaren er med på kor, barnehagebesøk og trusopplæring. Det er positivt at det vert diakoni retta mot fleire generasjonar enn berre eldre. Eg vil særleg dra fram Myldredagen som skal famna folk mellom 0 og 100 og bygga bru mellom generasjonane. Det er eit godt tiltak og det er bra at ein involverer frivillige til å driva det.

Misjon

De har òg hatt eit diakonalt misjonsprosjekt for å skaffa reint vatn i Liberia gjennom Misjonsalliansen, og no har de fått eit nytt med sosialt arbeid gjennom kyrkjelydar i Ecuador. Det er bra, slik er de med å fremja menneskeverd globalt.

Frivillige, uløna medarbeidarar

Kristus har kalla oss til teneste og samtidig kalla oss til på utrusta dei heilage. Difor er det rett å ha Kristi sinnelag som overskrift når me samtalar om korleis ein skal følga opp dei uløna medarbeidarane. Det trengs systematisk oppfølging slik at ein har ein plan for å laga fellesskap der folk kan bli tent til teneste, kalla dei, læra dei opp, følga dei opp undervegs og legga til rette for at dei kan voksa i trua. Det er òg klokt å kalla folk for ei avgrensa tid og til ei teneste som passar deira livssituasjon

anten dei er ungdom, småbarnsforeldre eller godt vaksne. Like viktig er det at me takkar dei av på ein god måte.

For å få dette til bør de vurdera å få opp ei stilling som frivilligkoordinator, ein i staben som har dette som ei særleg oppgåve. Kanskje kan ein tenka på ein deltidsstilling kombinert med t.d. trusopplæring.

Det tyder ikkje at resten av staben ikkje skal sjå dei uløna medarbeidarane, men at ein i staben skal få det særskilde ansvaret med den systematiske oppfølginga og oversikten over dei frivillige. På dette viset vil også alle dei andre i staben bli meir medvitne om kor viktig oppfølginga av dei frivillige er, og inkludere dette ansvaret også i sitt eige arbeid.

Gjevarteneste

For å få meir ressursar til å bygge kyrkjelyden, og t.d. oppretta ei ei slik stilling som frivilligkoordinator, trengs det økonomi. Som det står i visitasmeldinga: «Skal soknet få sett ut i livet meir.., må det reisast meir midlar». Dette vil eg heia på og dette må de gjera noko med i praksis, for dette dreier seg om at Kristi sinnelag skal nå ikkje berre hjartet, men heilt inn i lommeboka.

No er Sund sokneråd ganske flinke til å samla inn pengar på julemesse i Sund og vårmarknad i Kausland. Ja, de har til og med ei gjevarteneste der det kjem inn ein del, men den bør utvidast.

Eg trur det er lurt å organisera det slik at folk kan gje direkte til det arbeidet dei ser, anten det er trusopplæring, arbeid for barn og unge, diakoni eller kyrkjemusikk.

Då kan ein utfordra nye, sjølv dei som ikkje enno er kyrkjegjengarar, til å bli med på ein dugnad for eit godt arbeid. Til dømes kan foreldre til born som har glede av trusopplæringa utfordrast til å gi. Og det er viktig at gjevarglede og forvaltaransvar vert løfta fram i forkynninga.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen for ein god dialog og eit godt møte med ordførar og varaordførar og for stor velvilje også når økonomien er stram. Det er flott at ein ser kyrka sitt bidrag til å bygga eit godt lokalsamfunn og at ein utfordrar kyrkja på kva ein kan bidra med vidare i ein ny kommune.

Takk

Til slutt vil eg sei takk for ein god visitas med mange gode opplevelingar. Eg vil takka og alle som har vore med å skrive visitasmeldinga, som inneheld mykje god informasjon. Takk til presten, soknerådsleiar, kyrkjeverja, staben og teamet for god tilrettelegging. Takk også til prost Jan Tommy Fosse som har vore med å planlegga visitasen, sjølv om han ikkje kunne vera med visitasdagane, og som er biskopens utstrekte arm til sokna i Øygarden når biskopen ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Om eit år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

- Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykker eiga skuld og for å gje Guds ære.
- Hald fram i arbeidet for gode gudstenester ved å oppretta eit gudstenesteutval, og inviter ungdomen til ungdomsgudstenester.
- Ta opp tradisjonen med undervisningskveldar for vaksne
- Arbeid med systematisk oppfølging av frivillige uløna medarbeidarar og vurder om de kan få til ein frivilligkoordinator
- Det trengs ei utvida gjevarteneste, og givergleden må forkynnes fram og mennesker utfordres til å bidra.

Og med desse utfordringane takkar eg for desse dagane!

Eg ynskjer Guds signing over folket og kyrkja i Sund.

Bjørgvin bispestol,
8. november 2020
Halvor Nordhaug



Biskop Halvor Nordhaug heldt føredrag på kulturfestivalen. Foto: Olai Otterå



Det var ikkje plass til så mange i kyrkja på julaftangudstenestene i 2020. Her ser vi ei spreidd forsamling frå julaftangudstenesta i Kausland kyrkje.

Ei uvanleg julaftangudsteneste

Korøving

i Sund kyrkje

STJERNEKORET

(frå 4 år til 3. kl.)

øver kl 17.30 - 18.30

BETWEENSKORET

(frå 4. kl. og oppover)

øver kl 18.30 - 19.30

9. februar, 23. februar,
16. mars,

13. april, 27. april,
11. mai, 25. mai

Nye og gamle
medlemer er velkomne!

*(Ein tek atterhald om moglege
koronarestriksjonar)*

Julaftangudstenestene i dei to kyrkjene i Sund sokn var noko uvanleg på ein dag som dette. Maks 50 personar kunne vera til stades, og ein burde reservera plass på førehand. Koronasituasjonen la såleis ein dempar på den gudstenesta som kanskje plar samla flest folk gjennom kyrkjearret. I Kausland kyrkje var det nok ikkje eingong 50 som hadde våga seg ut under dei rådande tilhøva.

Men julaftangudsteneste vart det like fullt, og fin song vart det òg. Det sørga m.a. Vivian Steinsland for då ho song «Det hev ei rosa sprung» som preludium frå galleriet. Det var også ho som avslutta gudstenesta saman med Irina Tarasova på flygel då ho framførte ein svensk song som postludium.

Elles fekk vi naturleg nok høyra juleevangeliet opplese før Kjell-Asle Børnes heldt preika si. Han lurtet på om Maria visste om alt som skulle skje med det barnet ho hadde fødd i ein stall. Om

ikkje Maria visste det, så veit i alle fall vi det, fortalte Børnes. - Får Maria sin baby vere *din* frelsar, var spørsmålet som han stilte.

Reglane for gudstenester medan koronaen var til stades rundt oss ved juletider, var som nemnt at ein maks kunne vera 50 personar til stades i kyrkja. Mange av benkeradene var avstengde. Det var to tomme benkar mellom kvar rad med folk. Dette var fordi ein i kyrkja gjerne syng, og det gjer at ein meter avstand blir for lite. Det er også slik at ein må ha god avstand til andre på same benkerad dersom det ikkje er nokon ein til vanleg bur saman med. Dermed kan det sjå litt stusseleg ut med folk som sit langt frå kvarandre i ei kyrkje som normalt ville vera full av folk på ei gudsteneste på sjølvaste julaftan.

Vi får håpa at situasjonen har vorte nokolunde normal att når vi kjem fram til julaftangudstenestene i 2021.

Olai Otterå



Vivian Steinsland song med Irina Tarasova ved flygelet.



Kjell-Asle Børnes kunne ikkje halde julatandanpreika si for like mange som det som har vore vanleg elles på julatangudstenestene.

Stjernekoret og Betweenskoret song jula inn



Berre tre av medlemene i Betweenskoret var til stades, men med kvar sin mikrofon bar songen fint når dei framførte «Nå er den hellige time».

Siste søndagen før jul samlast ein i Kausland kyrkje, dei det var plass til, for å syngja jula inn. Sjølvsagt vart det mykje song på ein kveld som dette, både av dei to barnekora og av resten av kyrkjelyden.


Etter at barnekora hadde innleia med «Eit barn er født i Betlehem» fekk fire av borna i barnekora tenna dei fire adventslysa medan resten av kyrkjelyden song «No tenner vi det første lys». Etterpå heldt Stjernekoret og Betweenskoret fram med å syngja saman «Julekveldsvise» og «Under stjernene». Fleire av songane denne kvelden var allsang for heile kyrkjelyden, og kjende songar som «Det kimer nå til julefest», «Ei krubbe var vogga» og «Glade jul» var mellom dei utvalde julesongane.

Mellom songane fekk vi òg høyra juleevangeliet opplesen av Karen Boga, og på slutten av samlinga heldt Kjell-Asle Børnes ein andakt. Og som vanleg, kunne ein nesten seia, vart kvelden avslutta med «Deilig er jorden».

Olai Otterå



Karen Boga las juleevangeliet.



Kjell-Asle Børnes heldt ein andakt.



Saman song Stjernekorset og Betweeneskoret både «Julekveldsvise» og «Under stjernene».




Fire av borna i barnekora fekk tenna dei fire adventslysa. Dirigent Åsgeir Littlere hjelper til.



BARNAS SIDE

Finn fem feil!


Då dei kasta ut garnet der Jesus sa, fekk dei så mykje fisk at båten nesten sank! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? (Teikning: Monica Bauleo)



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare.

Kva skjuler seg her?



Finn namn på 10 dyr!

Inne i rutenettet er det gøynt 10 dyrenamn. Dei står frå venstre mot høgre, og nedover. Kan du finne alle?

O	L	V	I	P	O	L	V	I	R	A
K	Y	G	R	A	P	E	K	A	T	T
L	V	I	P	N	A	S	I	N	Å	J
A	F	L	O	D	H	E	S	T	T	S
T	R	Ø	N	A	U	L	E	I	T	O
R	E	V	N	L	N	U	B	L	Æ	M
O	K	E	I	U	D	X	R	O	P	O
P	A	N	K	I	D	R	A	P	I	R
I	B	K	A	N	I	N	T	E	P	O

Gje
barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta
frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Vitsar

Ein musunge titta
ut av museholet om
kvelden. Då fekk han sjå
ei flaggermus.

– Mamma! ropa musun-
gen. – Eg har sett ein
engel!

– Eg håpar det
ikkje blir regn i dag,
sa kengurumamma.
– Det er så travelt når
ungane leikar inne.

Korona gav overraskande studentrekord

NLA Høgskolen på Gimlekollen frykta færre studentar ved Kommunikasjon og livssyns-studiet i år på grunn av avlyst studietur. I staden har studenttalet dobla seg.

I år er det 20 år sidan NLA Høgskolen Gimlekollen, som den gong heitte Mediehøgskolen Gimlekollen, starta opp studiet Kommunikasjon og livssyn. I fleire år har studieturen til England vore eit viktig høgdepunkt og trekkplaster på studiet.

– Då vi måtte avlysa studieturen frykta vi at vi ville få færre søkerar til årsstudiet i år, men fråfallet viste seg å ikkje vera så stort. I tillegg kom det mange andre søkerar som av ulike praktiske årsaker ikkje hadde kunna ta studiet på grunn av studieturen, seier programansvarlig for Kommunikasjon og livssyn, Lars Dahle, til Kristelig Pressekontor.

Programmet Kommunikasjon og livssyn (KL) består av eit årsstudium og i tillegg ei rekke enkeltemne studentar kan ta uavhengig av årsstudiet.

– Eit av dei nyare emna er i sjelesorg. Vi kallar dette emnet Kristent ungdomsarbeid i sjelesørgerisk perspektiv. Dei siste tre åra har det aldri vore meir enn 15 deltakarar på dette emnet, men no strøyma det på med påmeldingar og no i vår er det heile 40 deltakarar. Det eksploderte beintfram, seier Dahle.

Innfører to variantar

Dahle fortel at tilbakemeldingane tyder på



Programansvarleg for Kommunikasjon og livssyn, Lars Dahle, seier det har vore krevjande, men inspirerande å måtta tenka nyt om det pedagogiske opplegget under koronapandemien. FOTO: NLA Høgskolen



Kommunikasjon og livssyns-studiet ved NLA Høgskolen har vore nøydd å flytta all undervisning online. Her er høgskulelektor Bjørn Hinderaker i samtale med studentar før korona gjorde alt digitalt. FOTO: NLA Høgskolen

at fleire av studentane ikkje ville kunna tatt studieemnet viss det ikkje var for at det var eit digitalt tilbod.

– Dei set stor pris på å kunna ta eit sjelesorg-emne med den typen tematikk, men det føreset ein god og nær dialog. Vi jobbar med å også få dette emnet til godt og nært som online-kurs.

KL hadde frå før ein modell med intense kursdagar på Gimlekollen og vidare rettleiing og oppfølging på nett.

– No har vi flytta kursdagane online og jobbar med å få til variasjon og brei innsats med ulike fagfolk. Vi får svært gode tilbakemeldingar på dette opplegget, seier Dahle.

Han fortel at dei i år har nytta seg av det faglege nettverket sitt i England ved å henta inn fleire gjesteforelesarar derfrå online. Dette har gitt meirsmak.

– No innfører vi, uavhengig av korona, to variantar av årsstudiet, med og utan studietur. Forhåpentlegvis kan då fleire søker seg til oss sjølv om dei ikkje har høve til å dra på tur. No blir det moglegheit for meir fleksibilitet utan å måtta setja av nio dagar til å dra til England.

Lågare fråfall av studentar

NLA Høgskolen Gimlekollen er ikkje den einaste studiestaden som har opplevd at fleire studentar set pris på digital undervisning. Til NRK Rogaland melder fleire prorektørar ved universiteta i landet om lågare fråfall av studentar.

– Av dei som starta bachelorutdanninga i 2019, er det ein nedgang i fråfall på 3 prosent samanlikna med eit gjennomsnitt av dei siste åra, seier Prorektor Wenche Jakobsen ved Universitetet i Tromsø til NRK.

Ministeren for forskings- og høgare utdanning, Henrik Asheim (H), meiner

økt digitalisert undervisning i høgare utdanning er viktig.

– I løpet av våren skal vi legga fram ein ny digitaliseringstrategi der vi skal stilla ein del krav og vera ambisiøse. Digitalisering er heilt avgjerande for å gi fleire tilgang til utdanning uavhengig av kvar dei bur eller kva livssituasjon dei er i, seier han til NRK.

Framleis godt studentmiljø

Lars Dahle fortel at dei har erfaring med eit svært godt studentmiljø på Kom-munikasjon og livssyn.

– Vi er jo opne for alle, men sidan mykje av studiet er fokusert på formidling av kristen tru er det gjerne studentar med eit avklart forhold til trua som søker seg inn her. Det er eit godt mangfold i alder og erfaring og det blir skapt ein spennande dialog mellom ulike grupper i studiet.

Dahle meiner studentmiljøet framleis har vore svært godt sjølv med digital undervisning.

– Koronafasen er eit gigantisk lærings-sprang og utviklingstrinn for oss når det gjeld å utvikla digitale plattformer og undervisning. Vi har gjort oss ein god del erfaringar. Vi har til dømes konsekvent to lærarar på kursdagane, har kortare økter, mykje refleksjon og legg opp til interaktivitet.

Han fortel at dei er opptatt av å la studentane komma til orde med refleksjonar i samtalar, gjennom chat eller seg imellom i grupperom på Zoom.

– Vi får gjennom dette moglegheit til å motverka at studentane blir overlatne til seg sjølv i ein digital kvardag. Det har vore krevjande, men inspirerande å måtta tenka nyt om det pedagogiske opplegget i denne fasen, seier Dahle. (KPK)

Dei fekk ikkje tid til å eta eingong...

Då sa han til dei «Kom med meg til ein aud stad der vi kan vera åleine, og kvil dykk litt.» For det var så mange som kom og gjekk at dei fekk ikkje tid til å eta eingong. (Markus 6,31)

Kanskje kjenner du deg igjen, at du ikkje har tid til å eta eingong? Eller kanskje hadde du det slik før alle restriksjonane kom? Mange av oss har fått litt meir tid, men om vi ikkje har det fullt så travelt som før, så er vi kanskje slitne likevel? Det tar på å leva med alle dei usikre momenta rundt oss. Og vi har hatt ulikt press på oss i denne tida, og har gjort oss ulike erfaringar, kvar og ein. Jesus inviterer oss i dag, slik han gjorde med lærersveinane, til å koma avsides med seg og få kvila oss litt. Vil du ta deg tid til det?

Kva betyr det å koma til han?
Vi får lov, anten i tankane våre eller høgt, å seie: Jesus, no kjem eg til deg med den eg er og det som gjer livet mitt utfordrande i dag. Det som er tungt, trist, vanskeleg, forferdeleg, synd og alt eg ikkje strekker til på, skuld og skam. Jesus toler å høyra alt det vi har å seie til han. Han tar alltid imot

oss og møter oss med respekt og kjærleik. Han vil møta oss gjennom ordet sitt og med sitt nærvær. Ved å søkje kvile hos Jesus, kan vi forstå og få erfara meir av Faderens hjarta for oss.

Dette er noko av det han vil gi oss:

- Han viser oss nåde og barmhjertighet
- Han trøystar oss
- Han tilgir oss ALT!
- Han gir oss fred, som overgår all forstand
- Han gir oss det levande vatnet
- Han gir oss mat som aldri forgår
- Han gir oss styrke og mot.
- Han gir oss framtid og håp
- Han vil binda om våre sår
- Han gir oss mening i tilværet
- Han gir oss kvile!

Det er jo veldig mange gode ting vi kan halde på med. Men kva er det aller viktigaste? Eitt er naudsynt, sa Jesus til Maria frå Betania. Maria har valt den gode del, sa han.

Maria valde å sitja ved Jesus sine føter, og lytta til det som

han ville formidla til henne. Jesus har noko han vil formidla til deg i dag! Har du tid å høre?

Jesus elskar deg. Han har gjort alt som er naudsynt

for å gjenopprette relasjonen til deg! Ved sin død på korset har Jesus gjort opp skulda vår og alt som skil oss frå Gud. Han har sona for våre synder og våre feilsteg, også for alt vondt som er gjort imot oss. Han har opna vegen til Faderens hjarte!



hos Faderen som held våre liv i si hand!

Han ynskjer å bruka tid med deg. Han lengtar etter at du vil ta imot hans nåde og kjærleik. For eit privilegium det er: Vi skal få koma til han og kvila



Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)

Du kan ringja **Kirkens SOS** helle døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

GRAVMINNEN



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no



AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B,
5378 Klokkarvik

Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

Vil du bli med på klubb? Betweenklubben

Det blir Betweenklubb på desse datoane (med etterhald om moglege koronarestriksjonar):

16. februar, 23. mars,

20. april, 18. mai

Klokka 17.30 - 19.30

i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje.

Frå 4. klasse og oppover.

**Leikar, aktivitetar,
Bibelen, kveldsmat.**

Velkommen,
og ta gjerne med ein venn!

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44

PALMA PIZZA

Tlf. 56 33 92 78

KIWI mini pris

Tlf. 56 33 74 93

Marmic
Klær og interiør
homestore.no

Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



ditt apotek

SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

Givarteneste Sund kyrkjelyd

**Barne- og familiearbeidet
Kyrkjelydsarbeidet**

Kontonr.: 3628.50.65156
Merk kva formål gåva er til.



Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:
klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
455 16 360 eller på e-post:
hm849@kyrkja.no

Føremiddagstreffa

Så langt det er råd med ein koronasituasjon som ikkje er borte, prøver ein å laga til føremiddagstreff siste onsdagen i månaden, vekselsvis i Kyrkjekjellaren og i Kausland kyrkjelydshus. Føremiddagstrefft i januar måtte avlysast grunna koronasituasjonen. Så får vi håpo at det betrar seg utover våren slik at det igjen kan bli føremiddagstreff med felles lunsj etterfulgt av eit føredrag av ein invitert gjest. Følgjande datoar er aktuelle:

24.02 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Tarald Ueland om salmediktaren Svein Ellingsen

24.03 Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje kl. 11.30

Gjest: Egil Morland

(nest siste onsdag grunna påske)

28.04 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Ikkje fastsett

26.06 Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje kl. 11.30

Gjest: Ikkje fastsett

Myldredagar

- for heile familien
- besteforeldre også

Klokka 17.00-19.00

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

9. mars

6. april

4. mai

Kyrkjelydshuset på Kausland

24. mars

21. april

12. mai

Middag - bibelfortelling - aktivitetar - fellesskap

Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

*Ein tek atterhald om moglege
koronarestriksjonar.*

Onsdagstreffa

Avhengig av koronasituasjonen utover våren blir det onsdagstreff 1. onsdagen i månaden, kl. 11.00 i Aktivitetssenteret i Skogskiftet. Aktuelle datoar er:

Onsdag 3. mars
Onsdag 7. april
Onsdag 5. mai
Onsdag 2. juni



Sid det med
**Sund Senter
Blomster**
Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA** formidlar vi blomstrar i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup, gebursdagar og gravferder - og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS SOS

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Søndagsskulen permitterte tilsette

Grunna svikt i inntekter, og ei forverring av koronasituasjonen, permittere Søndagsskolen Noreg heilt eller delvis nesten alle tilsette frå 17. november.

Permitteringa, som førebels gjeld fram til 31. januar, skjedde etter nokre tøffe månader for organisasjonen.

- Vi har måttå avlysa mange arrangement, og vi ser at kanskje så mykje som 50 prosent av alle barnegruppene våre ikkje har fått starta opp igjen denne hausten. Dette kombinert med svikt i inntektene har ført til at vi såg det som nødvendig å permittera for å sikra vidare drift etter koronatida, seier generalsekretær Gørar Byberg på Søndagsskolens nettsider.

Generalsekretæren oppmodar til framleis givarteneste for at Søndagsskolen Noreg skal kunna ta opp att alt arbeid når krisa er over.

Søndagsskulen Noreg valde å ikkje permittera tilsette i mars i fjor, då mange andre misjonsorganisasjonar gjorde dette. I staden utførte dei den våren arbeid som var planlagt til hausten. (KPK)

Døypte

22.11 Sund kyrkje
Ragnhild Clementine Sangolt

Gravlagde

- 13.11 Kausland kyrkje**
Geir Finne, f. 1948
(bisetjing)
- 24.11 Kausland kyrkje**
Oskar Ingebrigts Selstø, f. 1934
- 10.12 Sund kyrkje**
Magnus Sangolt, f. 1926
- 15.12 Sund kyrkje**
Astrid Marie Kalve, f. 1972
(bisetjing)
- 17.12 Sund kyrkje**
Daniel Morales, f. 1997
(bisetjing)
- 18.12 Kausland kyrkje**
Harald Hansen Bakke, f. 1931
- 29.12 Kausland kyrkje**
Solbjørg Kirsten Pettersen, f. 1941
- 30.12 Kausland kyrkje**
Harry Anfinn Telle, f. 1936
- 30.12 Sund kyrkje**
Nils Olai Kvammen, f. 1933

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest mandag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

Samtale og sjølesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjølesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølv ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpsamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 400 03 316

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkjekontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 41 41 66 67
sokneprest 48 00 26 97
E-post: kb427@kyrkja.no

Soknerådet

Svein Marius Myklebust 95 88 61 56
soknerådsleiar
E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume
Konto: 1503.84.37590
Kontingent: 250 kr pr. år
Redigering: Olai Ottera

Redaksjon:
Olai Ottera 928 93 057
E-post:
sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:
Bodoni AS, Straume

Opplag: 3.950

Returadresse:
Sund Sokneblad,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume



FOTO: VIGLEIK BREKKE, ØYGARDEN KOMMUNE

Sokneprest Espen Tveten hadde andakt i kommune- styremøtet i desember

Det har vore vanleg at ein av prestane har hatt andakt i kommunestyret i Fjell sitt desembermøte. Denne tradisjonen er vidareført i nye Øygarden kommune. Denne gongen var det soknepresten i Hjelme og Blomvåg, Espen Tveten, som hadde an-

dakt. Andakta var like før kommunestyret sin lunsj. Espen seier det var ei fin oppleveling å kome til kommunestyret på denne måten og ved inngangen til julehøgtida.

Kommunal rammeløyving for 2021 på 29 778 000 kr

Øygarden kommunestyre har gitt fellesrådet ei rammeløyving på 29 778 000 kr.

Fellesrådet bad om 30 587 000 kr. Rammeløyvinga for 2021 er altså 809 000 kr lågare enn det ein bad om.

Fellesrådet sitt totale budsjett var på 46 059 000 kr då fellesrådet i mai tok stilling til budsjettet for 2021. Det endelige budsjettet vert alltid lagt etter at ein kjener communal rammeløyving. 27. januar skal fellesrådet gjere eit endeleg budsjettvedtak, etter innstilling frå kyrkjeverja. Det seier seg sjølv at det må gjerast endringar i høve opphaveleg budsjettering.

Ser ein rammeløyvinga i lys av kommuneøkonomien, som er krevjande, må ein vere godt nøgd med løyvinga. I 2020 var communal rammeløyving på 28 697 000 kr. Det er altså ein auke på 1 081 000 kr for 2021.

Øygarden kyrkjelege fellesråd takkar så mykje for kommunestyret si løyving.

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 24. mars

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 10. mars